



I 2013 var det 180 som møtte fram på den eine konserten som vart arrangert i kyrkja. Året etter kom det 569 på tilsvarande arrangement, men då var dei 5 i talet på grunn av kyrkja sitt hundreårsjubileum. Då vart snitt-talet 114 på kvar konsert. Det går fram av årsstatistikken for Uskedal sokn for 2014 og som fortel mykje om korleis kyrkja vart nytta gjennom året med hundreårsjubileet.

Den vanlege kyrkjestatistikken inneheld få overraskingar. Det var til dømes ingen som korkje meldte seg inn eller ut av kyrkja dette året. . Men medan det vart døypt 5 i 2014 var talet på døypte 12 året før. 3 av dei døypte vart busette i soknet mot 6 året før.

I fjor vart det konfirmert 15 mot 6 året før og 3 vart vigd. Ingen gjekk inn i ektestanden i Uskedalen i i 2013. Talet på gravlagde i fjor var 8 mot 6 året før.

På søn- og helgedagar vart det halde 16 vanlege gudstenester mot 17 året før og det møtte 1255 mot 1329 - det er 78 pr. gudsteneste både i 2014 og 2013, 127 og 128 tok imot nattverden i desse 2 åra. Det var 6 gudstenester med nattverd begge år.

Takkoffer til misjon, naudhjelp og andre føremål utanom kyrkjelyden utgjorde 27 972 kroner mot 26 015 året før. I takkoffer til kyrkjelyden kom Uskedalen opp i 43 465 mot 16 266 i 2013.

Den store skilnaden på dei 2 siste tala har samanheng med inngangspengane på konsertane som vart haldne i kyrkja.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen